



Arkivnr: 2014/11966-7  
Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

## Bompengepakken Stord vestside - søknad om forlenga innkrevingsperiode

### Samandrag

Stortinget vedtok 22.11.2012 å forlenga innkrevinga av bompengar på ferja mellom Halhjem og Sandvikvåg med to år frå 1. januar 2013 til ut 2014 til finansiering av tiltak på Fv 545 i Stord og Fitjar, omtalt som bompengepakken Stord vestside. Statens vegvesen Region vest har i brev til Hordaland fylkeskommune frå 14.03.2014 oversendt ein søknad om å utvida innkrevjingsperioden med ytterlegare 2 år til 31.12.2016. Utvidinga er grunngeve med kostnadsauke grunna auka standardkrav, endra løysingar og eit nytt prosjekt. Søknaden er utarbeida etter initiativ frå Stord kommune i samarbeid mellom kommunane Stord og Fitjar og Statens vegvesen. Kommunane Stord, Fitjar og Os har gjeve uttale til den reviderte søknaden (sjå vedlegg).

Fv 545 er ein viktig veg internt på Stord, men også som omkøyringsveg for E39 over Stord. For å få ein trafikksikker veg med fullgod standard, er det behov for å gjera dei standardhevingstiltaka som er omtala i søknaden.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1.januar 2017. Bompengepåslaget vert redusert frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.

Johnny Stiansen  
fungerande fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Søknad om utviding av innkrevjingsperioden - E 39 - Halhjem - Sandvikvåg
- 2 Bompengepakken Stord Vestside

### 3 Uttalar frå kommunane

## Fylkesrådmannen, 08.04.2014

### Bakgrunn

Stortinget vedtok 22.11.2012 å forlenga innkrevinga av bompengar på ferja mellom Halhjem og Sandvikvåg med to år frå 1. januar 2013 til ut 2014 til finansiering av tiltak på Fv 545 i Stord og Fitjar, omtalt som bompengepakken Stord vestsida. Statens vegvesen Region vest har i brev til Hordaland fylkeskommune frå 14.03.2014 oversendt ein søknad om å utvida innkrevjingsperioden med ytterlegare 2 år til 31.12.2016. Utvidinga er grunngeve med kostnadsauke grunna auka standardkrav, endra løysingar og eit nytt prosjekt. Søknaden er utarbeida etter initiativ frå Stord kommune i samarbeid mellom kommunane Stord og Fitjar og Statens vegvesen. Kommunane Stord, Fitjar og Os har gjeve uttale til den reviderte søknaden (sjå vedlegg). Fylkesrådmannen legg her fram bompengesøknaden for fylkespolitisk handsaming. Etter at fylkestinget har teke stilling til bompengesøknaden, blir han handsama vidare i Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet, før Stortinget gjer det endelege vedtaket.

### Om prosjekta

Midlane i bompengepakken Stord vestsida skulle gå til opprusting av Fv 545 og tiltak i Fitjar sentrum:

1. Strekninga Fitjar sentrum – Rimbareid
2. Utbetring av Sagvåg bru
3. Utbetring av ei strekning over kommunegrensa mellom Stord og Fitjar
4. Strekninga Rimbareid - Vik

I den nye bompengesøknaden er det no aktuelt også å utbetra strekninga Sagvåg bru – Sagvåg sentrum, som eit 5. prioritert prosjekt:



### Nye prioriteringar og status for prosjekta

#### 1. Sagvåg bru

Den gamle brua er i for dårleg stand til at SVV vil tilrå utbetring. I den nye bompengesøknaden legg ein opp til å bygga ny bru med to køyrefelt heller enn å utbetra den gamle brua. Dagens bru kan omklassifiserast til gang og sykkelbru.

#### 2. Rimbareid – Vik

Ein legg opp til å utbetra vegen til tofelts veg med gang og sykkelveg langs vegen. Tiltaka inneber standardheving i høve til forrige søknad.

#### 3. Strekninga over kommunegrensa

Utbetring av eksisterande veg til tofelts veg med vegbreidde på 7,5 meter. Tiltaka inneber standardheving i høve til forrige søknad.

#### 4. Restarbeid Fitjar sentrum

Det står att noko restarbeid i Fitjar sentrum.

#### 5. Sagvåg sentrum

Det er planar om å utbetra strekninga Sagvåg bru – sentrum ved å utvida kurve, laga fortau, etablere rundkøyring ved kryss til Fv66 og gjera miljøltiltak. Dette er eit nytt prosjekt i høve til forrige bompengesøknad.

### Økonomiske rammer

Kostnadsoverslaget for prosjekta i bompengepakken Stord vestsida var på 68 mill. kr. i 2011. Prosjekta var då ikkje fullfinansierte. Den samla finansieringsramma var på 58,5 mill.kr.

KOSTNAD prosjekt, mill.kr.	Kostnadsoverslag i St.prp. 149 (2011 - 2012), i 2011kr.	Brukt	Kostnadsoverslag attståande prosjekt, 2013 kr.	Total kostnad
Fitjar sentrum - Rimbareid, breddeutviding	27	20,8	5,25	26,05
Sagvåg bru	5		11,5	11,5
Stord -Fitjar, utbetring over kommunegrensa	9		24,97	24,97
Rimbareid - Vik	27		38,24	38,24
NYTT PROSJEKT: Sagvåg bru - Sagvåg sentrum			13,74	13,74
<b>SUM:</b>	<b>68,00</b>	<b>20,80</b>	<b>93,70</b>	<b>114,5</b>

Totalkostnaden og finansieringsramma er no auka til 114,5 mill.kr, og bompengeinntektene utgjer omlag 85% av inntektene til Stord vestsida:

FINANSIERING, mill. 2013 kr.	
Bompenginntekter tom. 2014	47,5
Bompenginntekter 2015 - 2016	49,5
<b>Sum bompengar</b>	<b>97</b>
Fylkeskommunal løyving (inklusive 10 mill. i forskottering)*	17,5
<b>SUM:</b>	<b>114,5</b>

\*10 mill.kr.i forskottering frå Midtjället Vindkraft AS, tilbakebetalt i 2019 -2020.

Bompenginntektene er auka med 56 mill. kr., som finansierer meirkostnadane på prosjekta (32,76 mill.kr.), eit nytt prosjekt i pakken (Sagvåg bru –Sagvåg sentrum) med 13,74 mill.kr. og den tidlegare manglande fullfinansieringa av pakken på 9,5 mill. kr (68 mill.kr – 58,5 mill.kr.) :

Endring sidan St.prp.146 (2011 -2012):	
<b>Meirinntekter, mill.kr.</b>	
Meirbompenginntekter i 2014	6,5
Bompenginntekter 2015 - 2016	49,5
<b>SUM:</b>	<b>56</b>
<b>Meirkostnader, mill.kr.</b>	
Fitjar sentrum - Rimbareid, breddeutviding	-0,95
Sagvåg bru, utbetring	6,5
Stord -Fitjar, utbetring over kommunegrensa	15,97
Rimbareid - Vik	11,24
NYTT PROSJEKT: Sagvåg bru - Sagvåg sentrum	13,74
Ikkje finansiert i St .prp. 149 (2011 - 2012)	9,5
<b>SUM:</b>	<b>56</b>

### Endre takst- og rabattsystem

Bompengopplegget på stamvegnettet (TERN) er underlagt Eurovignettdirektivet. Ved utviding av innkrevjingsperioden blir direktivet retningsgivande for korleis takst og rabattsystemet på dette ferjesambandet kan utformast. Det medfører at det ikkje lengre vert gjeve rabatt på bompengar på ferjer. For å oppretthalda dagens nivå på bompenginntektene er det foreslått at bompengepåslaget frå 1. januar 2015 vert redusert frå fem til tre takstsoner. Reduksjonen medfører ein reduksjon frå kr. 29 til kr. 18 i bompengar for lette kjøretøy, men då kan ein ikkje lenger få 50% forskottsrabatt:

Takst pr. 1.1.2014	Opplegg fra 1.1.2015	Dagens opplegg
<b>Takst liten bil</b>	188	188
Bompengar	17	29
<b>Ferjetakst</b>	<b>205</b>	<b>217</b>
Rabattsats bompengar	0 %	50 %
<b>Bompengar fråtrekt rabatt</b>	<b>17</b>	<b>14,5</b>
<b>Takst eksempel B8 (stor bil 14-18 m.):</b>	957	957
Bompengar	72	102
<b>Ferjetakst</b>	<b>1029</b>	<b>1059</b>
Rabattsats bompengar	0 %	50 %
<b>Bompengar fråtrekt rabatt</b>	<b>72</b>	<b>51</b>

### Bompededel til Stord vestside

Ved førre utviding av bompengerperioden rekna SVV ut ein «bompededel» til Fv 545, basert på ÅDT teljingar:

*”Trafikken på E39 like sør for Sandvikvåg er på 2800 i døgnet (ÅDT). På fv 545 er trafikken på 1100 ÅDT, til saman 3900 ÅDT. Ferjetrafikken til og frå Sandvikvåg er på 2500 ÅDT (95% på ferja til Halhjem). Det er følgjeleg ein lokaltrafikk på det tilstøytande vegnettet på 1400 ÅDT (3900 minus 2500) som ikkje er ferjetrafikk. Denne trafikken vil vi føresetje deler seg likt på E39 og fv 545. Dvs. at 400 ÅDT av trafikken på fv 545 er ferjetrafikk (1100 minus 700). Dette tilsvarar 16 % av ferjetrafikken til/frå Sandvikvåg. Dersom fv 545 skal få sin del av bominntektene vil det tilsvare ei utviding av bompengerordninga på to år (2013 og 2014).”*  
(Brev frå SVV til HFK frå 28.3.2011)

Fv 545 "sin andel" basert på rekneføresetnadane ovanfor vart 16%, noko som skulle indikera ei utviding på omlag 2 år eller 41 mill.kr. Inntektene i åra 2002-2012 (elleve år) var til saman om lag 192 mill. kr. i løpande kroner. Om bompengerinntektene i 2013 og 2014 vart på 41 mill.kr., ville det gje ein «bompededel» til Stord vestside på omlag 18% (41/(192+41)). Med det nye føreslegne bompengeropplegget, vert delen av innkrevde bompengerinntekter på ferja som går til Fv 545, omrekna til 2013 kr., på omlag 31% (97/309):

Bompengar Halhjem-Sandvikvåg			
År	Bompengerinntekter*	Omrekna til 2013 kr. (SSB, KPI)	Veg, tiltak:
2002	12 665 200	15 437 509	E39
2003	14 180 542	16 870 822	E39
2004	13 506 208	15 997 644	E39
2005	14 624 401	17 051 213	E39
2006	15 745 012	17 952 256	E39
2007	17 610 262	19 926 620	E39
2008	18 978 936	20 690 278	E39
2009	20 275 678	21 646 746	E39
2010	20 594 043	21 457 457	E39
2011	21 348 357	21 970 472	E39
2012	22 651 551	23 134 232	E39
<b>SUM:</b>	<b>192 180 190</b>	<b>212 135 249</b>	
2013	23 930 494	23 930 494	Fv 545
<b>SUM:</b>	<b>216 110 684</b>	<b>236 065 743</b>	
Prog. 2013- 2014	?	47 500 000	Fv 545
Prog. 2015- 2016	?	49 500 000	Fv 545
<b>SUM total innkreving:</b>		<b>309 135 249</b>	

\*Innkrevingsstal frå økonomiavdelinga i HFK

### Lokalpolitisk handsaming

Den reviderte bompengesøknaden har vore på høyring hjå kommunane Stord, Os og Fitjar. Stord kommunestyre handsama søknaden 13.02.2014, sak PS1/2014, og gav slik uttale:

*«Stord kommunestyre støttar søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg til 1. januar 2017.»*

Os kommunestyre handsama søknaden 28.01.2014, sak 5/2014, og gav slik uttale:

*«Os kommunestyre har 28. januar 2014 handsama høyringssak kring søknad om utviding av perioden for bompengerelevjning på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg i ytterligare to år, fram til 1. januar 2017. For Os kommune er E 39 fyrst og fremst viktig som stamveg Bergen – Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutte innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2014. I denne samanheng vil Os kommune gjere merksam på at innkrevjingsperioden allereie har vore utvida to gonger i høve opprinneleg plan.»*

Fitjar kommunestyre handsama søknaden 19.02.2014, sak 8/14, og gav slik uttale:

*«Fitjar kommune støttar søknaden om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg for perioden 1. januar 2015 til 1. januar 2017. Kommunestyret har ikkje merknader til at bompengepåslaget på taksten vert redusert frå 5 til 3 takstsonar frå 1. januar 2015.»*

### Tidlegare fylkespolitiske vedtak

HFk stod for utarbeidinga av bompengesøknaden for Stord vestsida i 2011. Fylkestinget handsama utkast til søknad 7.6.2011, sak 31/11, og gjorde slikt vedtak:

*«1. Fylkestinget godkjenner at Midtfjellet Vindmøllepark AS får forskottera inntil 10 mill. kr til oppgradering til tofelts veg og etablering av gang- sykkelveg langs vegen mellom Rimbareid og Fitjar sentrum.*

*2. Refusjonstidspunktet vert fastsett i samband med handsaminga av Handlingsprogram 2014-2017 (23) for fylkesvegnettet i Hordaland. Forskotteringa vert refundert utan kompensasjon for renter eller prisauke.*

*3. Fylkestinget går inn for å løyva 7,5 mill. kr til Bompengepakken Stord vestsida. Endeleg løyving vert gjort i samband med handsaminga av fylkesbudsjettet og økonomiplanen.*

*4. Fylkestinget gjev tilslutnad til at utkast til søknad om delvis bompengefinansiering av Bompengepakken Stord vestsida frå 15.4.2011 vert sendt ut på høyring til kommunane Stord, Fitjar og Os.»*

Fylkestinget handsama søknaden på nytt etter høyringa og gjorde slikt vedtak 18.10.2010, i sak 48/11:

*«Fylkestinget gjev tilslutnad til at "Søknad om bompengefinansiering av Bompengepakken Stord vestsida", datert 21.06.2011 vert oversendt Vegdirektoratet for vidare handsaming.»*

### Statens vegvesen si tilråding

Statens vegvesen Region vest vil tilrå at Hordaland fylkeskommune sluttar seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1. januar 2017, der ein som følgje av Eurovignettdirektivet reduserer bompengepåslaget frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.

### Fylkesrådmannen sine merknader

Fv 545 er ein viktig veg internt på Stord, men også som omkøyringsveg for E39 over Stord. For å få ein trafikksikker veg med fullgod standard, er det behov for å gjera dei standardhevingstiltaka som er omtala i søknaden.

Hordaland fylkeskommune er bompengeselskap for dagens bompengordning for Stord vestsida. Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunen skal vera bompengeselskap også ved ei eventuell utviding av innkrevingsperioden tom. år 2016.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget gjev tilslutnad til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem - Sandvikvåg med to år til 1.januar 2017, der ein som følgje av Eurovignettdirektivet reduserer bompengepåslaget frå 5 til 3 takstsoner frå 1. januar 2015.